



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1237 - 19/21181

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.07.2019


Oversender vedtak om dispensasjon for etablering av avløpsanlegg til klagevurdering - gbnr 11/84 Hølleland

Tiltak:


Byggjestad: Gbnr: 11/84
Tiltakshavar: Øyvind Hosøy

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av avløpsanlegg for eksisterande våningshus som er i bruk til fritidsfremål på gbnr 11/84 Hølleland. Det skal etablerast minireinseanlegg som skal plasserast i eige anleggshus slik det går fram av situasjonskartet.

Situasjonskart



Plankart



Planstatus



Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggjeområde for fritidsbustadar. Tiltaket er i strid med kommuneplanen når det gjeld føresegn 1.1 som set eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak etter plan- og bygningslova kan godkjennast. Tiltaket er også plassert i strid med byggjegrensa mot sjø.

Området i sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Arealet skal vera eit fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske der tiltak og inngrep som er i konflikt med desse interessene, ikkje er tillate. Etablering av avløpsleidning i sjø vil ikkje vera i strid med føremålet, jf. føresegn 6.2.

Sakshandsaming

Det vart gitt dispensasjon frå plankravet og byggjegrensa mot sjø i administrativt vedtak saknr. 386/19 datert 28.06.2019.

Det ligg ikkje føre nabomerknader. Søknaden har ikkje vore send på høyring til regionale styresmakter. Vedtaket vert send over til Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland for klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post anne.lise.molvik@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 56 40.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon for etablering av avløpsanlegg- gbnr 11/84 Hølleland
Søknad om utslepp og søknad om dispensasjon - gbnr 11/84 Hølleland, Hosøy
Søknad om utslepp gnr 11, bnr 84 i Lindås kommune
Dispensasjonssøknad utslepp
Situasjonsplan - Plassering av minirensanlegg på 1184
Minirensanlegg Biovac FD5-MG
Krav til anleggsrom

Kopi til:

Øyvind Hosøy
Øyvind Hosøy

Markaneset 66 5251
Markaneset 66 5251

SØREIDGREND
SØREIDGREND

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER